

Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Sogn og Fjordane og Hordaland er både geografiske område og valkrinsar til Stortinget. Dei gamle fylkesnamna kjem difor til å halde seg viktige både innan politikk, innan kulturfeltet, i næringslivet og som merkevare innan reiselivet.
2. Hovudutval for Kultur, Idrett og Integrering ønskjer at temaet vert med vidare i arbeidet med *Utviklingsplan for Vestland* og at mogelegheitene deretter blir avklara og konkretiserte i kommande rullering av *Regional plan for innovasjon og næringsutvikling*, *Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv* og *Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.*»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag fekk 8 røyster (A, SV, V, H, Pp) og vart vedtatt mot 7 røyster (R, FNB, Sp, Frp, MDG).

Vedtak

Hovudutvalet for kultur, idrett og inkludering tek svaret frå utvalsleiar og fylkesdirektør i møtet 19.05.20 til vitande.